

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2010/41/EU

2015/EØS/76/112

av 7. juli 2010

om gjennomføring av prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner som driv sjølvstendig næringsverksemd, og om oppheving av rådsdirektiv 86/613/EØF(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

område enn i lønna arbeid. Av omsyn til klarleiken bør direktiv 86/613/EØF bytast ut med dette direktivet.

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 157 nr. 3,

- 2) I meldinga si av 1. mars 2006 om eit vegkart for likestilling mellom kvinner og menn slo Kommisjonen fast at for å betre styringsmåtene med omsyn til likestilling mellom kvinner og menn, vil han revidere det eksisterande EU-regelverket på likestillingsområdet som ikkje var omfatta av omarbeidinga i 2005, med sikte på å ajourføre, modernisere og om naudsynt omarbeide dette. Direktiv 86/613/EØF var ikkje omfatta av denne omarbeidinga.

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

- 3) I konklusjonane sine av 5. og 6. desember 2007 om balanserte roller for kvinner og menn med omsyn til arbeid, vekst og sosial utjamning kom Rådet med ei oppmoding til Kommisjonen om å vurdere behovet for eventuelt å revidere direktiv 86/613/EØF for å sikre sjølvstendig næringsdrivande og deira medhjelpande ektefellar rettar som er knytte til forelderrolla.

etter den ordinære regelverksprosessen⁽²⁾ og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved rådsdirektiv 86/613/EØF av 11. desember 1986 om gjennomføring av prinsippet om lik behandling av menn og kvinner i selvstendig næringsvirksomhet, herunder landbruk, og om vern av kvinner i selvstendig næringsvirksomhet i forbindelse med svangerskap og fødsel⁽³⁾ er det sikra at prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner som driv sjølvstendig næringsverksemd eller tek del i slik verksemd, vert gjennomført i medlemsstatane. Direktiv 86/613/EØF har ikkje vore særleg effektivt med tanke på sjølvstendig næringsdrivande og ektefellane deira, og verkeområdet for direktivet bør vurderast på nytt, ettersom kjønnsbasert skilnadshandsaming og trakassering òg finn stad på andre

- 4) Europaparlamentet har konsekvent oppmoda Kommisjonen om å revidere direktiv 86/613/EØF, særleg for å styrkje vernet for sjølvstendig næringsdrivande kvinner under svangerskap og fødsel og for å betre situasjonen for ektefellane til sjølvstendig næringsdrivande.
- 5) Europaparlamentet har alt gjeve uttrykk for haldninga si på dette området i resolusjonen sin av 21. februar 1997 om situasjonen til dei sjølvstendig næringsdrivande sine medhjelpande ektefellar⁽⁴⁾.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 180 av 15.7.2010, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 84/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av menn og kvinner), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 70.

(1) TEU C 228 av 22.9.2009, s. 107.

(2) Felles haldning frå Europaparlamentet av 6. mai 2009 (enno ikkje offentliggjord i TEU), haldning frå Rådet i første handsaming av 8. mars 2010 (TEU C 123 E av 12.5.2010, s. 5), haldning frå Europaparlamentet av 18. mai 2010.

(3) TEF L 359 av 19.12.1986, s. 56.

6) I meldinga si av 2. juli 2008 om ein ny sosial dagsorden og om høve, tilgang og solidaritet i Europa i det 21. hundreåret stadfesta Kommisjonen behovet for å gjere tiltak med omsyn til kjønnskilnadene innanfor entreprenørskap og for å gjere det lettare å kombinere privatliv og arbeidsliv.

(4) TEF C 85 av 17.3.1997, s. 186.

- 7) Det finst alt ei rekkje juridiske verkemiddel for gjennomføring av prinsippet om lik handsaming som omfattar sjølvstendig næringsdrivande, særleg rådsdirektiv 79/7/EØF av 19. desember 1978 om gradvis gjennomføring av prinsippet om lik behandling av menn og kvinner i trygdespørsmål⁽¹⁾ og europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/54/EF av 5. juli 2006 om gjennomføring av prinsippet om like høve for og lik handsaming av menn og kvinner ved tilsetjing og i arbeidstilhøve⁽²⁾. Dette direktivet bør difor ikkje nyttast på dei områda som alt er omfatta av andre direktiv.
- 8) Dette direktivet rører ikkje ved medlemsstatane si avgjerdsrett til å organisere ordningane sine for sosial stønad. Einekompetansen til medlemsstatane med omsyn til organiseringa av ordningane sine for sosial stønad omfattar mellom anna avgjerder om å innføre, finansiere og forvalte slike ordningar og tilhøyrande institusjonar, i tillegg til avgjerder om innhaldet i ytingar og formidlinga av desse, nivået for ytingane og vilkåra for tilgang.
- 9) Dette direktivet bør nyttast på sjølvstendig næringsdrivande og ektefellane deira eller, dersom og i den grad det er i samsvar med nasjonal lovgjeving, livspartnarane deira, såframt desse jamleg tek del i forretningsverksemda på dei vilkåra som er fastsette ved nasjonal lovgjeving. For å betre situasjonen for ektefellane til sjølvstendig næringsdrivande og, dersom og i den grad det er i samsvar med nasjonal lovgjeving, livspartnarane deira, bør arbeidet deira sannkjennast.
- 10) Dette direktivet bør ikkje nyttast på område som er omfatta av andre direktiv som gjennomfører prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner, særleg rådsdirektiv 2004/113/EF av 13. desember 2004 om gjennomføring av prinsippet om lik handsaming av kvinner og menn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester⁽³⁾. Mellom anna skal artikkel 5 i direktiv 2004/113/EF om forsikring og liknande finansielle tenester framleis nyttast.
- 11) For å førebyggje skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn bør dette direktivet nyttast både på direkte og indirekte skilnadshandsaming. Trakassering og seksuell trakassering bør reknast som skilnadshandsaming og difor vere forbode.
- 12) Dette direktivet bør ikkje røre ved dei rettane og pliktene som følgjer av sivilstand eller familiesituasjon slik det er definert i nasjonal lovgjeving.
- 13) Prinsippet om lik handsaming bør omfatte tilhøva mellom sjølvstendig næringsdrivande og tredjemenn innanfor verkeområdet for dette direktivet, men bør ikkje omfatte tilhøve mellom den sjølvstendig næringsdrivande og hans eller hennar ektefelle eller livspartnar.
- 14) Når det gjeld sjølvstendig næringsdrivande tyder prinsippet om lik handsaming at det ikkje må finne stad skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, t.d. i samband med start, utrusting eller utviding av forretningsverksemd, eller igangsetjing eller utviding av alle andre former for sjølvstendig verksemd.
- 15) I medhald av artikkel 157 nr. 4 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen kan medlemsstatane halde ved lag eller gjere tiltak som gjev særlege føremoner som har til føremål å gjere det lettare for det underrepresenterte kjønnet å drive sjølvstendig verksemd eller å førebyggje eller vege opp for ulemper i yrkeskarrieren. I prinsippet bør difor t.d. positiv særhandsaming som tek sikte på å oppnå likestilling i praksis mellom menn og kvinner, ikkje reknast som eit brot på det juridiske prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner.
- 16) Det er naudsynt å sikre at vilkåra for å danne eit selskap mellom ektefellar, eller mellom livspartnarar dersom og i den grad det er i samsvar med nasjonal lovgjeving, ikkje er strengare enn vilkåra for å danne eit selskap mellom andre personar.
- 17) Med sikte på deltakinga deira i verksemda til familieføretaket bør ektefellane til sjølvstendig næringsdrivande, eller livspartnarane deira dersom og i den grad dette er i samsvar med nasjonal lovgjeving, òg ha rett til ytingar som er knytte til sosial stønad dersom dei har tilgang til ei ordning for sosial stønad. Medlemsstatane bør påleggjast å gjere dei tiltaka som er naudsynte for å organisere slik sosial stønad i samsvar med nasjonal lovgjeving. Det er særleg opp til medlemsstatane å avgjere om slik sosial stønad bør innførast på obligatorisk eller frivillig grunnlag. Medlemsstatane kan fastsetje at denne sosiale stønaden kan stå i høve til deltakinga i verksemda til den sjølvstendig næringsdrivande og/eller til nivået for ytingane.
- 18) Ettersom gravide sjølvstendig næringsdrivande og gravide ektefellar og, dersom og i den grad det er i samsvar med nasjonal lovgjeving, gravide livspartnarar, er økonomisk og fysisk sårbare, er det naudsynt å gje dei rett til ytingar ved svangerskap og fødsel. Medlemsstatane kan halde ved lag retten til å organisere slike ytingar, medrekna fastsetjing av nivået for ytingar og alle ordningane som gjeld ytingar og betaling, på det vilkåret at minstekrava i dette direktivet vert oppfylte. Dei kan særleg fastsetje kor lenge før og/eller etter nedkomsten retten til ytingar ved svangerskap og fødsel skal gjelde.

⁽¹⁾ TEF L 6 av 10.1.1979, s. 24.

⁽²⁾ TEU L 204 av 26.7.2006, s. 23.

⁽³⁾ TEU L 373 av 21.12.2004, s. 37.

- 19) Sjølvstendig næringsdrivande kvinner og kvinner som er ektefellar til sjølvstendig næringsdrivande eller, dersom og i den grad det er i samsvar med nasjonal lovgjeving, livspartnarane deira, har rett til ytingar ved svangerskap og fødsel i ein periode som er like lang som lengda på den svangerskaps- og fødselspermisjonen som lønstakarar no har på unionsplan. Dersom lengda på svangerskaps- og fødselspermisjonen for lønstakarar vert endra på unionsplan, bør Kommisjonen melde frå om dette til Europaparlamentet og Rådet og vurdere om det eventuelt er naudsynt å endre lengda på den perioden då sjølvstendig næringsdrivande kvinner og kvinner som er ektefellar og livspartnarar slik det er nemnt i artikkel 2, har rett til ytingar ved svangerskap og fødsel.
- 20) For å ta omsyn til dei særlege tilhøva ved sjølvstendig verksemd bør sjølvstendig næringsdrivande kvinner og kvinner som er ektefellar til sjølvstendig næringsdrivande eller, dersom og i den grad det er i samsvar med nasjonal lovgjeving, livspartnarane deira, få tilgang til alle eksisterande ordningar for mellombels avløyning som gjer det mogleg for dei å avbryte yrkesverksemda si som følgje av svangerskap eller fødsel, eller til eventuelle nasjonale sosialtenester som ligg føre. Tilgangen til desse tenestene kan vere eit alternativ til eller ein del av ytingane ved svangerskap og fødsel.
- 21) Personar som har vore utsette for skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, bør ha eit høveleg rettsleg vern. For å gje betre vern bør samanslutningar, organisasjonar og andre rettssubjekt få avgjerdsmynd til å ta del i sakshandsaminga, slik medlemsstatane avgjer, anten på vegner av eller til støtte for eit offer, utan at dette påverkar dei nasjonale rettargangsreglane om representasjon og forsvar i retten.
- 22) Sjølvstendig næringsdrivande kvinner og kvinner som er ektefellar til sjølvstendig næringsdrivande eller, dersom og i den grad det er i samsvar med nasjonal lovgjeving, livspartnarane deira, bør få styrkt vernet mot skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn ved at kvar medlemsstat har på plass eitt eller fleire organ som har kompetanse til å analysere dei aktuelle problema, granske moglege løysingar og gje konkret hjelp til ofra. Organet eller organa kan vere dei same som dei som har ansvaret på nasjonalt plan for gjennomføringa av prinsippet om lik handsaming.
- 23) I dette direktivet er det fastsett minstekrav, noko som gjer det mogleg for medlemsstatane å innføre eller halde ved lag meir gunstige føresegner.
- 24) Ettersom målet for dette direktivet, som er å sikre eit felles høgt nivå for vern mot skilnadshandsaming i alle medlemsstatane, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og difor betre kan nåast på unionsplan, kan Unionen gjere tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet

slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om Den europeiske unionen. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette direktivet lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Føremål

1. I dette direktivet er det fastsett ei ramme for gjennomføring i medlemsstatane av prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner som driv sjølvstendig næringsverksemd eller tek del i slik verksemd, på dei områda som ikkje er omfatta av direktiv 2006/54/EF og 79/7/EØF.

2. Gjennomføringa av prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester, skal framleis omfattast av direktiv 2004/113/EF.

Artikkel 2

Verkeområde

Dette direktivet omfattar

- a) sjølvstendig næringsdrivande, dvs. alle personar som har eige inntektsgevande arbeid, på dei vilkåra som er fastsette i nasjonal lovgjeving,
- b) ektefellane til sjølvstendig næringsdrivande eller, dersom og i den grad det er i samsvar med nasjonal lovgjeving, livspartnarane deira, som ikkje er lønstakarar eller handelspartnarar, som jamleg tek del i verksemda til den sjølvstendig næringsdrivande og utfører dei same arbeidsoppgåvene eller utfyllande arbeidsoppgåver, på dei vilkåra som er fastsette i nasjonal lovgjeving.

Artikkel 3

Definisjonar

I dette direktivet tyder:

- a) «direkte skilnadshandsaming» at ein person på grunnlag av kjønn får ei mindre gunstig handsaming enn det ein annan får, har fått eller ville ha fått i ein tilsvarende situasjon,
- b) «indirekte skilnadshandsaming» at ei føresegn, eit kriterium eller ein praksis som alle verkar nøytrale å sjå til, kan vere til særleg ulempe for personar av eitt kjønn sett i høve til personar av det andre kjønn, med mindre føresegna, kriteriet eller praksisen kan grunnjevast med objektive faktorar ut frå eit legitimt mål, og midla til å nå dette målet er føremålstenlege og naudsynte,

- c) «trakassering» at uønskt åtferd som har samband med kjønnet til ein person, finn stad og har som føremål eller verknad å krenkje verdet til denne personen og skape eit trugande, fiendtleg, nedverdiggande, audmjukande eller utriveleg miljø,
- d) «seksuell trakassering» alle former for uønskt verbal, ikkje-verbal eller fysisk åtferd av seksuell art som har som føremål eller verknad å krenkje verdet til ein person og skape eit trugande, fiendtleg, nedverdiggande, audmjukande eller utriveleg miljø.

Artikkel 4

Prinsippet om lik handsaming

1. Prinsippet om lik handsaming inneber at det ikkje må finne stad noka form for skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn i offentleg eller privat sektor, anten direkte eller indirekte, t.d. i samband med start, utrusting eller utviding av forretningsverksemd, eller igangsetjing eller utviding av alle andre former for sjølvstendig verksemd.
2. På dei områda som er omfatta av nr. 1, skal trakassering og seksuell trakassering reknast som skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, og difor vere forbode. Det at ein person avviser eller lét vere å reagere mot slik åtferd, kan ikkje nyttast som grunnlag for ei avgjerd som gjeld denne personen.
3. På dei områda som er omfatta av nr. 1, skal ein instruks om skilnadshandsaming av personar på grunnlag av kjønn reknast som skilnadshandsaming.

Artikkel 5

Positiv særhandsaming

For å sikre full likestilling i praksis mellom menn og kvinner i arbeidslivet kan medlemsstatane halde ved lag eller gjere tiltak slik det er definert i artikkel 157 nr. 4 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, t.d. med sikte på å fremje initiativ til entreprenørskap blant kvinner.

Artikkel 6

Skiping av eit selskap

Utan at det rører ved dei særlege vilkåra for tilgang til visse former for verksemd som gjeld likeins for begge kjønn, skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at vilkåra for å skipe eit selskap mellom ektefellar eller, dersom og i den grad det er i samsvar med nasjonal lovgjeving, mellom livspartnarar, ikkje er meir restriktive enn vilkåra for å skipe eit selskap mellom andre personar.

Artikkel 7

Sosial stønad

1. Der det finst ei ordning for sosial stønad for sjølvstendig næringsdrivande i ein medlemsstat, skal denne medlemsstaten

gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at ektefellar og livspartnarar slik det er nemnt i artikkel 2 bokstav b), kan få sosial stønad i samsvar med nasjonal lovgjeving.

2. Medlemsstatane kan avgjere om den sosiale stønaden som er nemnd i nr. 1, skal gjevast på obligatorisk eller frivillig grunnlag.

Artikkel 8

Ytingar ved svangerskap og fødsel

1. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at sjølvstendig næringsdrivande kvinner og kvinner som er ektefellar og livspartnarar slik det er nemnt i artikkel 2, i samsvar med nasjonal lovgjeving kan få tilgang til tilstrekkelege ytingar ved svangerskap og fødsel, slik at det er mogleg for dei å avbryte yrkesverksemda si som følge av svangerskap eller fødsel i minst 14 veker.
2. Medlemsstatane kan avgjere om ytinga ved svangerskap og fødsel som er nemnd i nr. 1, skal gjevast på obligatorisk eller frivillig grunnlag.
3. Ytinga som er nemnd i nr. 1, skal reknast som tilstrekkeleg dersom ho sikrar ei inntekt som minst svarar til
 - a) den ytinga som den aktuelle personen ville ha fått ved eit avbrot i verksemda si av helsemessige grunnar, og/eller
 - b) det gjennomsnittlege tapet av inntekt eller fortieneste jamført med ein samanliknbar tidlegare periode innanfor ei eventuell grense som er fastsett i medhald av nasjonal lovgjeving, og/eller
 - c) eventuelle andre familieytingar som er fastsette ved nasjonal lovgjeving, innanfor ei eventuell grense som er fastsett i medhald av nasjonal lovgjeving.

4. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at sjølvstendig næringsdrivande kvinner og kvinner som er ektefellar og livspartnarar slik det er nemnt i artikkel 2, kan få tilgang til alle eksisterande tenester som tilbyr mellombels avløyning, eller til eventuelle nasjonale sosialtenester som ligg føre. Medlemsstatane kan fastsetje at tilgang til disse tenestene er eit alternativ til eller ein del av dei ytingane som er nemnde i nr. 1 i denne artikkelen.

Artikkel 9

Forsvar av rettar

1. Medlemsstatane skal syte for at alle som meiner at dei har lidd tap eller skade fordi prinsippet om lik handsaming ikkje er vorte nytta i deira tilfelle, har høve til rettargang eller forvaltingsmessig handsaming, medrekna mekling der medlemsstatane finn at det er føremålstenleg, for å sikre at pliktene i medhald av dette direktivet vert handheva, sjølv etter at tilhøvet der skilnadshandsaminga skal ha funne stad, har teke slutt.

2. Medlemsstatane skal syte for at samanslutningar, organisasjonar og andre rettssubjekt som i samsvar med dei kriteria som er fastsette i nasjonal lovgjeving, har ei rettkomen interesse av å sikre at føresegnene i dette direktivet vert etterlevde, kan gå inn anten på vegner av eller til støtte for klagaren og med godkjenning frå han eller henne, i all rettgang eller forvaltingsmessig handsaming for å sikre at pliktene i medhald av dette direktivet vert handheva.

3. Nr. 1 og 2 skal ikkje røre ved dei nasjonale reglane for fristar for å reise søksmål som er knytte til prinsippet om lik handsaming.

Artikkel 10

Skadebot eller godtgjering

Medlemsstatane skal innføre i den nasjonale rettsskipnaden sin dei tiltaka som er naudsynte for å sikre faktisk og verknadsfull skadebot eller godtgjering etter nærmare reglar som medlemsstatane fastset, for det tapet eller den skaden som ein person er påført som følge av skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn, og slik skadebot eller godtgjering skal vere avskrekkande og stå i høve til det tapet eller den skaden som er lidd. Det skal ikkje fastsetjast noka øvre grense på førehand for slik skadebot eller godtgjering.

Artikkel 11

Likestillingsorgan

1. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at det i samsvar med artikkel 20 i direktiv 2006/54/EF vert peikt ut eitt eller fleire organ som skal fremje, analysere, overvake og støtte lik handsaming av alle personar som er omfatta av dette direktivet, utan skilnadshandsaming på grunnlag av kjønn.

2. Medlemsstatane skal syte for at dei organa som er nemnde i nr. 1, òg har til oppgåve å

- a) gje hjelp til offer for skilnadshandsaming på ein uavhengig måte i samband med klager på skilnadshandsaming, utan at det rører ved rettane til offer og til samanslutningar, organisasjonar eller andre rettssubjekt som er nemnde i artikkel 9 nr. 2,
- b) gjennomføre uavhengige granskningar om skilnadshandsaming,
- c) offentleggjere uavhengige rapportar om og gje tilrådingar i spørsmål om skilnadshandsaming,
- d) utveksle tilgjengelege opplysningar på høveleg nivå med tilsvarande europeiske organ, t.d. Det europeiske instituttet for likestilling mellom menn og kvinner.

Artikkel 12

Integrering av likestillingsaspektet

Medlemsstatane skal på ein aktiv måte ta omsyn til målet om likestilling mellom menn og kvinner ved utarbeidinga og gjennomføringa av lover og forskrifter, politikk og verksemd på dei områda som er nemnde i dette direktivet.

Artikkel 13

Spreiing av opplysningar

Medlemsstatane skal syte for at dei føresegnene som vert vedtekne i medhald av dette direktivet, saman med dei relevante føresegnene som alt har teke til å gjelde, på best eigna måte vert gjorde kjende i heile territoriet deira for alle dei personane som det gjeld.

Artikkel 14

Vernenivå

Medlemsstatane kan innføre eller halde ved lag føresegner som er meir gunstige for vernet av prinsippet om lik handsaming av menn og kvinner, enn dei føresegnene som er fastsette i dette direktivet.

Gjennomføringa av dette direktivet skal under ingen omstende vere eit grunnlag for å redusere det nivået for vern mot skilnadshandsaming som alt finst i medlemsstatane på dei områda som er omfatta av dette direktivet.

Artikkel 15

Rapportering

1. Medlemsstatane skal innan 5. august 2015 sende Kommissjonen alle tilgjengelege opplysningar om bruken av dette direktivet.

Kommissjonen skal utarbeide ein samandragsrapport som skal leggjast fram for Europaparlamentet og Rådet seinast 5. august 2016. I denne rapporten bør det takast omsyn til eventuelle endringar i den nasjonale rettsskipnaden med omsyn til lengda på svangerskaps- og fødselspermisjon for lønstakarar. Rapporten skal eventuelt følgjast av framlegg til endring av dette direktivet.

2. Rapporten frå Kommissjonen skal ta omsyn til synspunkta frå dei partane som det gjeld.

Artikkel 16

Gjennomføring

1. Medlemsstatane skal innan 5. august 2012 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommissjonen teksta til desse føresegnene.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. For å ta omsyn til særlege vanskar kan medlemsstatane om naudsynt få ein ytterlegare frist på to år til og med 5. august 2014 for å oppfylle krava i artikkel 7 og for å oppfylle krava i artikkel 8 med omsyn til kvinner som er ektefellar og livspartnarar slik det er nemnt i artikkel 2 bokstav b).

3. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 17

Oppheving

Direktiv 86/613/EØF vert oppheva med verknad frå 5. august 2012.

Tilvisingar til det oppheva direktivet skal forståast som tilvisingar til dette direktivet.

Artikkel 18

Iverksetjing

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 19

Adressatar

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg, 7. juli 2010.

For Europaparlamentet

J. BUZEK

President

For Rådet

O. CHASTEL

Formann